



Anne Betty Hodneland
Nattlandsveien 92a
5094 BERGEN

Referanser:
Dykker:
Vår: 17/1703 - 17/19134

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
26.06.2017

Gbnr 40/8 Hodneland. Avslag på søknad om tilskot til grøfting av jordbruksjord.

Lindås kommune syner til søknad frå dykk om tilskot til drenering av jordbruksjord. Søknaden er motteke i kommunen 30.mai 2017, og kommunen seier seg lei for at de ikkje har fått svar før.

Saka gjeld:

Det vert søkt om tilskot til å opne opp ein tilgrodd kanal. Kanalen er 74meter lang og 2meter brei. Over mange år har grøfta grodd att, og tener no ikkje sin funksjon med å syte for at vatnet vert drenert ut av dyrka jord.

Av søknaden går det fram at ein viktig grunn for denne utviklinga er at det er ein terskel i utløpet. Etter kvarter er dyrka mark lågare enn denne terskelen og vatnet renn ikkje ut. Det er ein veg oppå terskelen og sjølv om det ligg røyr under veg ligg desse slik at vatnet ikkje renn gjennom røra og kjem uansett ikkje forbi terskelen.

Planen no er å grave opp kanalen, vidare sprengje ut terskelen og legge nye røyr under vegen. Med dette tiltaket er det von om at vatnet vil renne ut av dyrka mark og at eventuelle grøfter som ligg i jorda på ny vil føre vatnet vekk.

Det vert søkt om tilskot for å gjennomføre tiltaket.

Forskrift om tilskot til dreneringstiltak:

Dei tiltaka som kan få tilskot er systematisk grøfting, profilering og omgraving.

Tiltaket det her er søkt om er såleis ikkje innfor regelverket.

Regelverket har også ei avgrensing i høve til storleiken på tiltaket: tilskot lågare enn kr.3000,- vert ikkje betalt ut.

For usystematisk grøfting eller anna grøfting, som det eventuelt gjeld her, kan tilskot gjevast med kr.15,- pr. meter grøft.

For 74 meter vert dette kr.1110,-. Legg ein til bredda på vegen og sett at lengda er 80meter, vert likevel utrekna tilskot for lågt til at pengane vert betalt ut.

Konklusjonen er etter dette at tiltaket det her gjeld ikkje har rett på tilskot.



Tiltaket er sikkert eit naudsynt og godt tiltak, men fell utanfor gjeldande regelverk.

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord, vert søknaden om tilskot til opning av kanal på Hodneland avslejt.

Tiltaket fell ikkje inn under reglane og har for lite omfang til at tilskot vert betalt ut.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Partane kan klage over avgjerda innan tre veker etter at ein fekk melding om vedtaket. Klagen skal sendast til kommunen, men Fylkesmannen er klageinstans.
Jf. §§ 28 flg. I Forvaltningslova.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anne Betty Hodneland

Nattlandsveien
92a

5094

BERGEN